



SELJE KOMMUNE
Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 21.04.2016

Møtetid: Kl. 13:00 – 14:50

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 020/16 - 025/16

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal. AP: Åge Lundebrekke. SP: Gunn Sande
FRP: Marita Aarvik.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Jan Vidar Smenes, Judith Kvåle. Begge hadde gjeve melding om forfall til møtet.
H: Geir Årvik. Hadde ikkje gjeve melding om forfall. Vara ikkje innkalla.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Formannskapet var samde i å handsame følgjande ekstra sak:
Sak FS 025/16 Regional planstrateri 2016 - 2019

6 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
020/16	Godkjenning av møtebok
021/16	Delegasjonssaker
022/16	Referatsaker
023/16	Planverk - IKT
024/16	Revidering av strategisk havneplan 2016-2020
025/16	Regional planstrategi 2016 - 2019

Tilleggsaker: Sak 025/16.

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	020/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/225
--------------------------------------	---------------	----------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 17.03.16 og 07.04.16 (møte med Fylkesmannen i Sogn og Fj.)
vert godkjent slik dei ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.04.2016	Møtebok FS 17.03.16.pdf	75406
13.04.2016	Møtebok FS 07.04.2016	75334
13.04.2016	Referat frå møte med Selje kommune - 7 april 2016.docx	75336

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

FS-020/16 VEDTAK

Møteboka frå møte 17.03.16 vert godkjend , men med fylgjande korrigerings
i SP sitt framlegg (samrøystes vedteke) og vedtaket i sak FS 017/16.

Framlegg i sak FS 017/16, lagt fram av SP – Prioriterte prosjekt, skal lyde slik:

Prioriterte prosjekt:

- 1.Leikanger, fleirbrukshamn.
- 2.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal.
- 3.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien
- 4.Flatraket næringsområde
- 5.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ 2a.
- 6.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg.

SP sitt framlegg vart samrøystes vedteke og vert såleis og endra i vedtaket i saka.

Møtebok frå møte 07.04.16 (møte med Fylkesmannen i Sogn og Fj.)
vert godkjent slik det ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	021/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/223
--------------------------------------	---------------	----------------------

Delegasjonssaker

DFS. 003/16: Gbnr. 54/2 - Byggsak - Redskapshus - Rune Andre Liseth

DFS. 005/16: Gbnr. 78/1 - Delingssak - Arealoverføring til 78/21 - Bjarne R. Rundereim

DFS. 006/16: Gbnr. 78/1 - Delingssak - Arealoverføring til 78/18 - Bjarne R. Rundereim

DFS. 007/16: Gbnr. 89/74 - byggsak - Tilbygg - Stephan Lexau

DFS. 008/16: Gbnr. 5/1 - Løyve til tiltak - Tilbygg / Hagestove - Kåre Sørensen

DFS. 009/16: Gbnr 76/9 . Byggsak - Tilbygg til teknisk rom - Norkring AS

DFS. 010/16: Gbnr. 29/3 - Byggsak - Rehabilitering av skorstein - Sveinar Myklebust

DFS. 011/16: Gbnr. 45/13 - Tilskot til drenering av jordbruksjord - Arne Dalsbø

DFS. 013/16: Gbnr. 59/54 - Delingssak - Bolighus - Buinvest

DFS. 014/16: Gbnr. 29/6, 29/13 - Drenering av jordbruksjord - Borgund Bær

DFS. 015/16: Viltforvaltning - Skadefelling 2016

DFS. 016/16: Gbnr. 56/1 - Delingssak - Arealoverføring - Oppheva vedtak

DFS. 018/16: RMP - Regionalt miljøprogram 2013 - manuell utbetaling - Åge Peder Nygård, gbnr. 89/3.

DFS. 072/15: Gbnr. 72/8 m.fl. - Byggsak - Tilkomstveg eks. fritidsbustad - Haldis Eikås

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

FS-021/16 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	022/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/224
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	16/1262	I	18.03.2016	Statens vegvesen Region Vest	16/28057-1 - Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner - Invitasjon til å søke om midler for 2017
2	16/1491	I	05.04.2016	Rådgjevar Svein Barmen	Alkoholomsetning 2015
3	16/1517	I	06.04.2016	Det Kgl. Kommunal- og Moderniseringsdep.	Høring - NOU 2016:4 Ny kommunelov
4	16/1644	I	12.04.2016	Kystvegen Måløy - Florø AS	Protokoll - Generalforsamling Kystvegen Måløy - Florø AS 31.03.16
5	16/1522	I	07.04.2016	Nordfjordrådet v/Jan Kåre Fure	Møtebok - Nordfjordrådet sitt møte i Selje 04.04.16
6	16/1118	I	10.03.2016	Samferdselsdepartementet	Invitasjon til dugnad - Barnas transportplan
7	16/1540	I	05.04.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tilskot til kommunale næringsfond og stimuleringstilskot for 2016
8	16/1694	I	13.04.2016	Rådgjevar Svein Barmen	Overordna planstrategi 2016-2020 - Førebels utgåve

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

Tilleggsreferat:

9. Rådgevar Reidar Sandviknes. Notat, dat. 21.04.16. Orientering - Søknad om breibandsmidlar 2016.

FS-022/16 VEDTAK

Referat 1-8 vart teke til vitande.

Referat 9: Notat Orientering - Søknad om breibandsmidlar 2016 vart godkjend.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	023/16
Kommunestyret	28.04.2016	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-026	16/220

Planverk - IKT

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	26.02.2016	Ørnulf Lillestøl	IKT strategi for Nordfjordkommunane 2016-2020
1	I	26.02.2016	Ørnulf Lillestøl	Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016-2020

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.04.2016	Digitaliseringsstrategi.pdf	75377
13.04.2016	IKT-strategi.pdf	75384

Saka gjeld

Nordfjordkommunane har samarbeidd tett om digitalisering dei siste 15-20 åra. Strategien for dette arbeidet har vore politisk forankra i alle kommunane. Det er no utarbeidd reviderte strategiar for 2016-2020 som med dette vert lagt fram til politisk behandling.

Opplysningar til saka

Dei sju Nordfjordkommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy har gjennom fleire år hatt eit fruktbart og godt samarbeid innanfor IKT. Kommunane har vedteke felles digitaliseringsprogram og teikna bindande samarbeidsavtalar for utvikling av fibernett og tenester. Strategiarbeidet skal sikre god effekt av Nordfjordkommunane sin bruk av IKT i tenesteytinga.

Digitaliseringsstrategi

Digitaliseringsstrategien er ei skildring av kommunane sine mål og strategiar på korleis tenester og informasjon skal vere tilgjengeleg digitalt for både innbyggjarar og tilsette i

kommunane. Denne er basert på godkjente kommuneplanar, andre føringar frå kommunane, myndigheiter og andre offentlege instansar.

Basert på Digitaliseringsstrategien er det utarbeida ein IKT-strategi med alle teknologiske tilhøve knytt til IKT. IKT-strategien er strukturert med skildringar av dei teknologiske områda med tilhøyrande konkretisering av mål og strategiske aktivitetar for gjeldande strategiperiode. Basert på IKT-strategien skal det utarbeidast IKT-handlingsplanar for gjennomføring av definerte prosjekt, og andre ikkje-prosjektrelaterte tiltak.

Digitaliseringsstrategien er det overordna og politiske styringsdokumentet, medan IKT-strategien skal vere det operative styringsdokumentet, og IKT-handlingsplanane skal dekke dei operative tiltaka. For å sikre samanheng gjennom dei ulike nivåa i strategidokumenta er det sett referansar i IKT-strategien til Digitaliseringsstrategien, og i IKT-handlingsplanane til IKT-strategien.

Digitaliseringsstrategien innrettar seg og etter behovet for eit meir samlande grep om IKT-utviklinga i kommunesektoren. Ein viktig faktor her er å kunne legge til rette for betre samordning ovanfor staten og mellom kommunane. Ei rekkje sentrale dokument peikar på dette: Regjeringa sitt digitaliseringsprogram lagt fram i april 2012, i NOU 2013:2 "Hindre for digital verdiskaping", Stortingsmelding 23: "Digital agenda for Norge" og KS sine vedtak knytt til oppretting av Program for IKT-samordning i kommunesektoren (KommIT)

Digitaliseringsstrategi kontra IKT-strategi

Det er viktig å skilje mellom digitaliseringsstrategi og IKT-strategi. Ein digitaliseringsstrategi har fokus på korleis IKT kan gjere tilgangen til tenester og informasjon lettare og slik bidra til at vi jobbar smartare, medan ein IKT-strategi legg vekt på teknologiske føringar og kompetansebehov innanfor IKT området.

IKT-strategi

IKT-strategien skal støtte digitaliseringsstrategien. Dette skal sikrast ved at IKT-strategiske mål og aktivitetar i denne planen skal bidra til at måla og strategiane i digitaliseringsdokumentet blir oppfylde.

IKT-strategien er Nordfjordkommunane sin plan for IKT-satsingar, ikkje tenesteleverandørane sin plan. Utgangspunktet for elementa med mål og aktivitetar er heile tida behovet hos kommunane. Tenesteleverandørane må for sine IKT-tenester og i sitt arbeid sjå til at dei kan støtte/oppfylle kommunane sitt IKT-behov både strategisk, taktisk og operativt.

IKT-strategien skal dekke alle sektorar i kommunane, og spesifikke behov skal definerast og gjennomførast som ein del av IKT-handlingsplanane.

IKT-strategien beskriver satsinga på ein ikkje-teknisk måte som gjer at ein ikkje har behov for IKT-teknisk kompetanse for å forstå skildringane. Dokumentet skal derfor kunne ha ei brei målgruppe både i kommunane og hjå tenesteleverandørane. Samtidig skal dokumentet vere eit klart underlag for operative handlingsplanar innan IKT-området for kommunane og ikkje minst for relevante tenesteleverandørar. Sistnemnte vil derfor ha IKT-strategien som basis for sine satsingar overfor Nordfjordkommunane.

Innan planperioden på fire år vil IKT-strategien bli oppdatert etter kvart som hovudaktivitetane (strategiane) blir utført og måla oppnådd. Samtidig vil nye behov bli dekkja

med nye mål og strategiar. Ved utgangen av heile planperioden kvart fjerde år vil heile planen bli revidert og formelt godkjent på nytt.

Strategidokumenta er eigd av kommunane i fellesskap og skal forvaltast og følgjast opp av IKT-strategi v/strategisk leiar

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

Kommune-Noreg står overfor store oppgåver når det gjeld digitalisering av dei kommunale tenestene. Digitaliseringsstrategien som no blir lagt fram til godkjenning, er etter rådmannen si vurdering eit godt utgangspunkt for arbeidet som vi er i gang med, men som det framleis står mykje att av.

Skal vi følgje opp dei sentrale føringane for digitalisering av det offentlege, må det prioriterast ressursar til dette – både på menneskssida og når det gjeld tekniske løysingar. Det same gjeld for oppfølginga av IKT-strategien. Desse prioriteringane må avklarast i dei årlege budsjetta.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rådmannen tilrår å godkjenne «Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016 – 2020», og «IKT-strategi for Nordfjordkommunane 2016 -2020» slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

FS-023/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	024/16
Kommunestyret	28.04.2016	

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FA-P00	Arkivsak 13/651
-----------------------------------	-----------------	--------------------

Revidering av strategisk havneplan 2016-2020

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
21	I	15.02.2016	Nordfjord Havn IKS	Revidering av strategisk havneplan 2016-2020
23	I	14.04.2016	Nordfjord Havn IKS	Plandokument

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.02.2016 13:01:19	Revidering av strategisk havneplan 2016-2020	73342

Saka gjeld

Nordfjord hamn har i brev datert 15. februar bedt Selje kommune om å kome med innspel til strategisk hamneplan som skal reviderast i år. Planen vil gjelde for perioden 2016 – 2020.

Sakshandsamar oppfattar dette slik at Nordfjord hamn i tidleg fase ynskjer innspel som skal vidareførast i sjølve plandokumentet. I skriv fokuserer dei no på ;

- Målsetjingar med drifta av Nordfjord hamn IKS
- Marknadsføring av NH IKS
- Ynskjelege prosjekt/Investeringar i vår kommune

Opplysningar til saka / Innspel til Nordfjord Hamn

Sakshandsamar velgjer å fokusere på pkt 3 i skriv frå Nordfjord hamn (omtala over). Kommunen er i ein krevjande fase med å sikre kontakt og samarbeid med Kystverket og fase aktuelle prosjekt inn i kommunen sin arealplanprosess.

Selje kommune har under kommunestyresak 012 / 2016 prioritert bruk av steinmasse – Stad skipstunnel. Desse 6 prosjekta er Fleirbrukshamn Stadlandet, Berstad alt. Lesto næringsareal ved sjø, Stokkevåg industriområde, Moldefjorden ved Pelagia, Flatraket ved Fiskevegn og Krakereid – Hammersvik hurtigbåtterminal (småbåthamn)

Kommunestyre har ikkje tatt stilling til finansiering av prosjekta og intensjonane bak var at dette skulle ein kome tilbake til. Det er naturleg å sjå desse prosjekta saman med strategisk hamneplan men det er og naturleg å sjå på andre prosjekt som har vert spelt inn i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen.

Hurtigbåtkai på Krakereid – Hammersvika. Dette prosjektet må prioriterast av Nordfjord Hamn. Denne kaia vil erstatte dagens kai i Seljevågen. Selje kommune har hatt dialog med Nordfjord hamn i samband med dette prosjektet tidlegare. Hamneutbygging i Krakereid-Hammersvik må dimensjonerast slik at hurtigbåt kan leggast til og ha nattligge fram til retur. Utbygginga må og dimensjonerast slik at to hurtigbåtar kan ligge i samband med ein eventuell korrespondanse nordover når skipstunnelen er ferdig. Prosjektet må vere i regi av Nordfjord Hamn.

Fleirbrukshamn på Stadlandet. Dette prosjektet er tenkt finansiert via privat initiativ og offentleg finansiering som kan realisere både næringsareal og kai som kan handtere ulike type anløp. Selje kommune må kome tilbake til nærare prospekt for utvikling og finansiering av dette prosjektet, men Selje kommune ser for seg at Nordfjord hamn delfinansierer dette prosjektet.

Prosjektet Stokkevåg industriområde er det mest usikre prosjektet og ein finansiering av dette prosjektet må ein kome tilbake til. Ein ser for seg at hovuddelen av finansieringa må kome frå næringslivet.

Prosjekt på Berstad, Moldefjorden ved Pelagia og ved Fiskevegn på Flatraket ser vi for oss utbygging i regi av næringslivet.

Selje kommune ser eit potensiale i utvikling av gjestehamna i Seljevågen. Slik den gjestehamna ligg og er organisert i dag er den ikkje tilfredstillande. Selje kommune ynskjer at ei utvikling av gjestehamna vert eit spleiselag mellom kommunen/Nordfjord Hamn og næringslivet. I område rundt Nabben/sentrum er det i dag dårlege kai fasilitetar slik at større båtar kan legge seg til kai. Seljevågen er trong og ikkje egna. Selje kommune ser det som naturleg at det vert utvikla eit prosjekt for Selje sentrum med kai front som gjer at båtar kan legge til kai på ein fornuftig måte. Selje kommune ynskjer i prosessane rundt Selje sentrum at det vert oppretta ei arbeidsgruppe beståande av kommunen, næringslivet og Nordfjord hamn som kan lage eit prosjekt for dette område.

Utfordringane til Selje kommune i samband med desse innspela er:

1. Prosjekta som er omskreve over med unntak av Selje sentrum, er prosjekt som ikkje vert realisert visst ikkje skipstunnelen kjem. Desse prosjekta er overlevert Kystverket som innspel til bruka av steinmasser frå arbeid med Stad skipstunnell.
2. Kommunen er inne i ein prosess med å lage ny arealdel til kommuneplanen. Prosjekta er per dags dato ikkje godkjent. Arealplanen er ikkje ferdig handsama og vi kan ikkje starte reguleringsplan før arealplanen er formelt godkjent og vedtatt. Desse innspela

vert innarbeida i framlegg som vert lagt ut til ettersyn i juni og august. Tidleg haust vil kommunen ha oversyn over korleis arealplanen vil verte utforma.

3. Finansiering av prosjekta er avhengig av godkjenning og ein nærare avklaring med næringslivet. Dette gjeld også spørsmål om å utarbeide reguleringsplanar.

Selje kommune vil ha tett dialog med Nordfjord hamn i vidare prosess med dei ulike prosjekta.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet og endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Moment omtala i saka under overskrifta «Opplysningar til saka/Innspel til Nordfjord Hamn» vert oversendt innan fristen for uttale 01.05.15

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

Rådmann la fram fylgjande endring i saksutgreiinga, i møtet:

Avsnitt *Opplysningar til saka / Innspel til Nordfjord Hamn* – siste del skal lyde slik:

Utfordringane til Selje kommune i samband med desse innspela er:

4. Prosjekt med å utvikle kaiområde i Selje sentrum bør startast opp snarast. Dei andre prosjekta er overlevert Kystverket som innspel til bruk av steinmasser frå arbeid med Stad skipstunnell.
5. Kommunen er inne i ein prosess med å lage ny arealdel til kommuneplanen. Prosjekta er per dags dato ikkje godkjent. Arealplanen er ikkje ferdig handsama og vi kan ikkje starte reguleringsplan før arealplanen er formelt godkjent og vedtatt. Desse innspela vert innarbeida i framlegg som vert lagt ut til ettersyn i juni og august. Tidleg haust vil kommunen ha oversyn over korleis arealplanen vil verte utforma.
6. Finansiering av prosjekta er avhengig av godkjenning og ein nærare avklaring med næringslivet. Dette gjeld også spørsmål om å utarbeide reguleringsplanar.

Selje kommune vil ha tett dialog med Nordfjord hamn i vidare prosess med dei ulike prosjekta.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen (med endring i møte 21.04.16) vart samrøystes vedteke.

FS-024/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga (med endring i møte 21.04.16) frå administrasjonen. .



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	21.04.2016	025/16
Kommunestyret	28.04.2016	

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FE-130	Arkivsak 16/226
-----------------------------------	-----------------	--------------------

Regional planstrategi 2016 - 2019

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	08.03.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Regional Planstrategi 2016-2020 - Offentleg høyring

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.04.2016	Regional Planstrategi 2016-2020 - Offentleg høyring	75476

Saka gjeld

Fylkesutvalet vedtok 2. mars å legge regional planstrategi (RPS) for 2016-2020 ut på høyring. Planstrategien set langsiktige utviklingsmål for fylket og legg føringar for regional planlegging. Fylket har fremja fem overordna utfordringar i planarbeidet:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og integrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar og behov for klimaomstilling

RPS etablerer eit felles utfordrings- og målbilete for fylket, og er ein plan for vidare planar. Den skal fremje heilskapleg regional utvikling og gjere planlegginga meir forpliktande og målretta. Slik er det ein arena for dialog og samhandling.

Opplysningar til saka

Planen tar opp fylgjande og som fylket ber kommunane om å drøfte

1. Er det behov for at fylket tilpassar seg dei globale og nasjonale trendane med sentralisering, gjennom å jobbe målretta for å få til sjølvdrivande regionforstørring rundt Førde og Sogndal?
2. Kva for strategiar treng vi for å løyse ut potensialet for vekst og utvikling i alle deler av fylket?
3. Korleis kan vi jobbe målretta med attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar for alle, også slik at vi får fleire høgt utdanna kvinner i fylket?
4. Korleis kan vi styrke samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for få fram tiltak som inkluderer innvandrarakar enno betre?
5. Korleis kan vi saman vidareutvikle forskning og utvikling (FOU) og næringslivet for å styrke verdiskapinga?
6. Korleis kan vi tilpasse oss det grønne skifte og kva vil klimaomstilling innebære for oss?

Nordfjoradrådet hadde eit orienteringsmøte med fylkeskommunen 1. februar og hadde saka oppe i Nordfjoradrådet i møte den 4. april for vedtak. Nordfjoradrådet var samde i at vi ville uttale oss om 4 sentrale punkt for Nordfjord.

1. Sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknad
2. Nye arbeidsplassar og privat næringsliv
3. Attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar
4. Inkludering av innvandrarakar

Nordfjoradrådet si uttale:

011/16: NORDFJORDRÅDET SIN UTTALE TIL REGIONAL PLANSTRATEGI 2016 - 2020

LEIAREN SI TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

04.04.2016 NORDFJORDRÅDET

Nordfjoradrådet sine innspel til regional planstrategi:

Nordfjoradrådet vil gje gode tilbakemeldingar på arbeidet med regional planstrategi. Vi støttar opp om strategiane som er valt, og ser at Nordfjord vil vere ein sterk bidragsytar for å oppnå ønskja utvikling for fylket samla. Vi kjenner oss att i målbilda som er skissert, og vil bidra til desse gjennom vårt arbeid med samfunnsutvikling i kommunane. Vi ser fram til og har trua på dei ønskja effektane som er skissert, og er inspirerte med tanke på Nordfjord sitt bidrag her.

1. Sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknad

Nordfjord har fire sterke senter som er unike og komplimenterer kvarandre. Til saman utgjer Nordfjord ein heilskap som ein sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknad gjennom ein fleirkjernestruktur. Vi har ikkje eit regionsenter slik som Sunnfjord og Sogn, men ein fleirkjernestruktur med 4 sterke senter i vekst som har same effekt om det vert satsa på vidareutvikling som styrker denne strukturen.

Nordfjorderådet vil gjennom analyse og vurdering av sentra i regionen legge opp til ein funksjonell fordeling og utvikling i regionen gjennom ein fleirkjernestruktur. Ved ei satsing frå fylket omkring ein fleirkjernestruktur i Nordfjord, vil dette – slik nasjonale føringar påpeikar – vidareutvikle Nordfjord til ein attraktiv og konkurransekraftig region.

Med bakgrunn i dette ønskjer Nordfjorderådet konkret at punktet i planstrategien på s. 8 under effektar blir endra til:

Har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknader i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord.

2. Nye arbeidsplassar og privat næringsliv

Nordfjorderådet er positive til ambisjonane planstrategien legg opp til i tal auka arbeidsplassar. I Nordfjord er det ein sterk kultur for innovasjon og gründerånd. Til tross for at vi har hatt ein reduksjon i tal statlege arbeidsplassar, har vi har hatt vekst i tal arbeidsplassar totalt gjennom auke i privat næringsliv. Nordfjord har slik sett ein kultur for utvikling i privat næringsliv som er viktig for fylket. Vi ønskjer ei satsing der vi ser denne utviklinga opp mot FoU-miljø, som igjen vil styrke fylket på kunnskapsbasert næringsutvikling. Vi har kunnskapsmiljø på fornybar energi, og ser dette som eit satsingsområde for Nordfjord framover inn mot privat næringsutvikling. Vi ser kysten som eit viktig satsingsområde for grønn næring, og støttar opp om den regionale planstrategien sitt forslag om strategisk plan for kysten.

3. Attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar

Planstrategien omtaler ei satsing på tettstadsutvikling med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar. Nordfjorderådet støtter ei satsing retta mot tettstadane, og at dette i lag med arbeidsplassutvikling, også kan ha effekt på å få fleire høgt utdanna kvinner til fylket. Vi støtter også forslaget om ein regional plan for utvikling av attraktive tettstader i Sogn og Fjordane.

4. Inkludering av innvandrarar

I Nordfjord har det vore jobba med prosjekt som har fått nasjonal merksemd når det gjeld inkludering av innvandrere gjennom utdanning av helsefagarbeider. Dette er basert på godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, NAV og kommune. Suksess og lærdom frå dette prosjektet er noko vi vil vidareføre i Nordfjord, men er også kunnskap og modellar som vil vere interessant for heile fylket, og som kan vidareutviklast inn mot fleire ulike næringar.

011/16 VEDTAK:

Nordfjorderådet sine innspel til regional planstrategi vert sendt over til fylkeskommunen. Gjennom ein fleirkjernestruktur, så meiner Nordfjorderådet at dei 4 sentra i Nordfjord utgjer ein sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknadsregion.

Nordfjord har ein kultur for utvikling i privat næringsliv som er viktig for fylket. Vi ønskjer ei satsing der vi ser denne utviklinga opp mot FoU-miljø, som igjen gir kunnskap til fylket om kunnskapsbasert næringsutvikling.

Nordfjorderådet støtter planstrategien sitt forslag om å lage ein

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan attraktive tettstader

Vedtaket var samrøystes.

Sakshandsamar si tilråding til uttale

1. Er det behov for at fylket tilpassar seg dei globale og nasjonale trendane med sentralisering, gjennom å jobbe målretta for å få til sjølvdrivande regionforstørring rundt Førde og Sogndal?

Det overordna bilde er at dei indre grensen (kommunegrensene) betyr mindre og mindre i forhold til kor du vil bu og kor du vil arbeide. Ein flytter dit det er attraktivt å bu i forhold til jobb og fritid. Dette ser vi særleg med at mange unge flytter til Stadlandet, mange skaper sin eigen arbeidsplass og bruker naturen på fritida. Det å tru at å styrke Sogndal og Førde vil gagne Selje er på mange måtar utopisk. Den satsninga vil ikkje gagne Sogn og Fjordane i det lange løp heller.

2. Kva for strategiar treng vi for å løyse ut potensialet for vekst og utvikling i alle deler av fylket?

Fylkeskommunen må arbeide for samferdselsprosjekt i alle delar av fylket.

Fylkeskommunen må legge til rette for utvikling av kystnæringane som vil ha eit stort potensiale i åra som kjem.

3. Korleis kan vi jobbe målretta med attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar for alle, også slik at vi får fleire høgt utdanna kvinner i fylket?

Det er mange like faktorar mellom mann og kvinne og for å lykkast må ein ha jobbar som er attraktive og at det er tilgang til desse jobbane. Fortsatt jobbing med likestilling samt få fjerna «glasstaket» vil bidra til denne satsinga. Ein må ikkje gløyme at fritidstilbod og gode kommunale tenester er viktige faktorar for å behalde arbeidskraft.

4. Korleis kan vi styrke samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for få fram tiltak som inkluderer innvandraranar enno betre?

Eit arbeid med inkludering av innvandraranar vil bety mykje for Selje. Ei god integrering kan saman med dei andre elementa som vist i Nordfjorderrådet si utgreiing danne grunnlag for vekst. Vekst som er nøkkelen til fortsatt positiv utvikling av Seljesamfunnet. Ein av faktorane for god integrering er gode nettverk for dei gode løysingane.

5. Korleis kan vi saman vidareutvikle forskning og utvikling (FOU) og næringslivet for å styrke verdiskapinga?

Det å få til ei satsing på FOU gjennom ei utvikling av næringslivet vil og gagne Selje. Vekst i næringslivet vil tilføre lokalsamfunnet nye skattekroneer men viktigaste er nye arbeidsplassar og nye innbyggjarar. Denne satsinga må spissast inn i mot område som gjev klarast effekt. Det vert viktig å få sentrale relevante aktørar inn i eit godt samarbeid med fylket for denne spissinga. Aktørar som kjenner fylket, næringslivet og kulturen i fylket.

6. Korleis kan vi tilpasse oss det grønne skifte og kva vil klimaomstilling innebære for oss?

Selje har storhavet som næraste nabo og potensialet for å hente ut energi i nærområdet er stort. Fylket skal vere ein pådrivar for å få realisert fornybar energi på kysten og dermed vere ein viktig aktør for det grønne skiftet. Fylket må saman med kommunane kartlegge og utbetre potensielle risikoområde.

Fylket har foreslått å prioritere slik i utvikling av fylket sine planar:

Nye planar:

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan eller interkommunale planar for senterstruktur og tettstadsutvikling?
- Regional plan for kultur

Revidering/rullering av eksisterande planar:

- Regional transportplan
- Regional plan for fysisk aktivitet
- Regional plan for vassforvaltning
- Fylkesdelplan for klima og miljø

Avvikling av eksisterande planar:

- Fylkesdelplan for arealbruk

Selje kommune vil anbefale fylket om å få i hamn ein strategisk plan for kysten og rullering av regional transportplan, plan for fysisk aktivitet og fylkesdelplan for klima og miljø.

Plan for fysisk aktivitet må innehalde gode incitament for frivillige lag og organiasjonar til fortsatt å jobbe for å få folk i aktivitet. Særleg må ein ha fokus på ungdom og eldre.

Selje kommune vil påpeike viktigheita av å få til ein strategisk plan for kysten. Særleg med tanke på den 6-doblinga av marine næring. Sogn og Fjordane tok ikkje del i oljeutviklinga dei siste 40 åra og må no rigge seg for å ta del i utviklinga innan sjømatnæring.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet og endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune oversender uttale slik den framgår av tilråding i saksutgreiinga. I tillegg viser Selje kommune til handsaming og uttale frå Nordfjorderrådet.

Handsaming i Formannskapet - 21.04.2016

6 voterande

Saka vart teke opp som ekstra sak.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke. .

FS-025/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

